

Ledige stillingar som kyrkjetenar i Vindafjord

Vindafjord kyrkjelege fellesråd har fleire ledige stillingar som kyrkjetenar:

****Kyrkjetenar i Ølen og Bjoa sokn: 50% fast stilling***

(Ølen kyrkje og Bjoa kyrkje)

****Kyrkjetenar i Vikedal sokn og Imsland sokn: 35% fast stilling***

(Vikedal kyrkje og Imsland kyrkje)

Vindafjord kommune ligg i Rogaland og har om lag 9000 innbyggjarar. Her er det 8 kyrkjer og 7 sokn. Ølen og Bjoa sokn ligg midt i Vindafjord kommune. Vikedal sokn og Imsland sokn ligg lenger austover. Det er ni bygder i kommunen, kvar med sitt særpreg. Her det godt å både bygga og bu, og det er kort veg til arbeidsmarknaden på heile Haugalandet. Å veksa opp i Vindafjord betyr at du har barnehage og skule nært der du bur. Kommunen har eit godt helse- og velferdstilbod, mange ulike fritids- og kulturtilbod, og ikkje minst ein fantastisk natur.

Ansvarsområder og oppgåver:

Klargjere og delta på kyrkjelege handlingar (gudstenestar, vigslar og gravferder) og andre kulturarrangementer som finn stad i kyrkja

Samarbeida med prestane og andre tilsette i Fellesrådet

Ha ansvar for reinhald, og tilsyn i kyrkjene

Du må like å møte mennesker til gudsteneste og kyrkjelege handlingar

Kvalifikasjonar:

Me søker etter ein person som er ansvarsfull og som kan yte service

Du må vera initiativrik og løysingsorientert

De er oppteken av orden, og kan jobbe sjølvstendig

Personlege eigenskapar vil telja med

Erfaring frå liknande praktisk arbeid er ein fordel

Du må ha førarkort klasse B og disponera bil

Må beherska norsk både skriftleg og munnleg

Særskilte krav:

Det er krav om medlemskap i Den Norske Kirke

Tilfredsstillande politiattest må leggjast fram ved tilsetting, jf. Trossamfunnsloven §20

Me tilbyr:

Godt arbeidsmiljø! Her er det fint å jobbe!

Lønn etter avtaleverket for kyrkjeleg sektor

Gode forsikrings- og pensjonsordningar, medlemskap i KLP

Vil du vite meir?

Ta kontakt med Kyrkjeverja, Grethe Halvorsen, tlf 91629595.

Søknader vurderes fortløpande, og aktuelle kandidatar vil bli invitert til samtale/intervju.

Søknaden sendes til kyrkjeverja på e-post: gh772@kyrkja.no